



Skjåk kommune

RULLERT KOMMUNEPLAN

2017–2028

INNOVASJON OG TRADISJON





# INNHALD

<b>Planfakta</b>	3
1. Skjåkbygda	4
2. Nasjonale, internasjonale og regionale utviklingstrekk	5
3. Tenkte utviklingsbilde	12
4. Visjon og mål-Innovasjon og tradisjon	14
5. Kommunale tenester	15
6. Samarbeid med andre	19
7. Energi og energiforvaltning	20
8. Arealplanlegging	20
<b>Del II Handlingsplan 2017–2028</b>	<b>21</b>
Klima, miljø, naturforvaltning og samfunnstryggleik	22
Flyktingar	24
Kommunale tenester	25
Infrastruktur	27
Samfunns- og næringsutvikling	28
Samarbeid med andre	29

## PLANFAKTA

I følge kommunelova § 5 og plan- og bygningslova § 11 skal kommunen ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommunen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver, og planen bør omfatte alle viktige mål og oppgåver i kommunen. Folkehelse, universell utforming og klima skal vere gjennomgåande i alt kommunalt planverk. Planen skal innehalde ein langsiktig og ein kortsiktig del og bygge på dei økonomiske og ressursmessige føresetnadene som er lagt for gjennomføringa.

Den langsiktige delen består av mål og hovudstrategiar for:

- Skjåk-samfunnet mot år 2028 – Visjon og mål for utviklinga.
- Kommunen som utviklingsaktør og tenesteproducent
- Arealdelen – forvaltning av areal og naturressursar

Den kortsiktige delen av kommuneplanen består av økonomiplan med handlingsprogram som inneheld delstrategiar og tiltak som bygger på den langsiktige delen. Kommunedel- og sektorplanar skal konkretisere tiltak innanfor rammene som den overordna kommuneplanen set.

Den langsiktige delen skal ha ein gjennomgang i kvar kommunestyreperiode, den kortsiktige delen skal rullerast kvart år i samband med budsjettbehandlinga.

I forarbeidet til kommuneplan 2011–15, vart det gjort ei omfattande analyse av situasjonen og utviklingstrekk for Skjåk kommune fram mot 2020. Utviklingstrekk som denne analysen beskriv, er framleis i hovudtrekk gjeldande, og er lagt til grunn for den

rullerte planen. Vidare byggjer analysen på offentleg statistikk innan dei ulike temaområda.

Det må gjerast ei ny analyse midtvegs i planperioden for å kunne justere tiltak i planen.

Fylkesmannen i Oppland utarbeider kvart år ei oversikt over situasjonen i kommunane i fylket. Her blir det mellom anna peikt på at Skjåk kommune har få planar. Dette har samband med at kommunen legg arealplan og kommuneplan til grunn for verksemda.

Formannskapet har i sak 134/14 peika på følgjande område som det skal arbeidast med:

1. Natur – og arealforvaltning, nasjonalparker, vern og bruk
2. Næring, omdømebygging, kultur og fritid
3. Oppvekst, barn og unge
4. Helse- og omsorg

Dei etablerte hovudutvala vart arbeidsgrupper for kvar sine deltema.

Plandokumentet omhandlar desse områda, men har eit litt anna inndeling knytt til busetting og bulyst som overordna tema.

Kommunens planar er oppdaterte eller under rulling. Staten har planforventningar på nye område som klima og miljø. Folkehelse skal vere eit overgripande tema i kommunal planlegging. Skjåk kommune har ein ny plan for folkehelse, og innhaldet i denne er innarbeidd i dei ulike punkta under.

I tillegg til vedlagde planoversikt, er det i gang arbeid med ny sentrumsplan og det vil bli utarbeidd planar for klima og miljø og for næring- og samfunnsutvikling.

# Skjåk-bygda

Skjåk ligg i Oppland fylke. Frå 2020 blir kommunen ein del av storfylket Innlandet. Kommunen grensar til Norddal, Stranda og Rauma i Møre og Romsdal fylke, Lesja og Lom i Oppland og Luster og Stryn i Sogn og fjordane.

Kommunen har eit areal på 2140.45 km<sup>2</sup>, av dette er 75 km<sup>2</sup> vatn, 19 km<sup>2</sup> landbruksareal, 129 km<sup>2</sup> produktivt skogareal og 1917 km<sup>2</sup> anna landareal. Om lag 80 pst av kommunens areal er verna etter naturvernlova/naturmangfaldslova. Den største private eigaren

er Skjåk Almenning, som er ei bygdealmenning. Skjåk Almenning eig 95 prosent av arealet i Skjåk kommune, og er difor ein av dei mest sentrale samsfunnsaktørane i kommunen.

Store delar av nasjonalparkane Reinheimen og Breheimen ligg i Skjåk.

Pr. 1. januar 2018 hadde kommunen 2179 innbyggjarar.

Kommunesenteret er Bismo, med om lag 600 innbyggjarar.



## Historikk om Skjåk

Dei fyrste sikre spor etter menneske i Skjåk kan knytast til ein jordbrukskultur i bygda ca. 2500 f. Kr. Eit fangstanlegg for elg er datert til 220–570 e.Kr. Ved utgangen av vikingtida ca. år 1000 kan det ha vore om lag 60 gardar i bygda.

I følgje Snorre vart Lom og Skjåk kristna da Heilag-Olav kom i det ærend dit i 1021. Folkeveksten i tidleg mellomalder og høgmellomalderen (fram til 1350) gav grunnlag for to kyrkjesokn i det nåverande Skjåk (Hove og Skjåk), men med felles prest. Det kan ha vore meir enn 120 gardar rett før Svartedauden (1349). Befolkningskrisene i seinmellomalderen gjorde at befolkninga vart meir enn halvert. Dei to kyrkjesokna vart anneks under Lom prestegjeld.

I andre halvparten av 1600-talet hadde talet på gardar og menneske på nytt nådd nivået frå høgmellomalderen. Om lag 60 pst av gardane var sjølvvåt jord. Det meste av leiglendingsgodset var ått av krona og kyrkja. I løpet av nokre tiår etter 1660 vart mykje av det offentlege godset avhendt, og snart var mest alle gardbrukarar i Skjåk sjølveigarar. Frå ca. 1730 byrja ein å utnytte den store almenningsskogen kommersielt. Kongen selde allmenninga i 1726, og ut århundret var ho i hendene på private forretningsfolk, det meste av tida store kjøpmenn i Kristiania. Husmannsvesenet utvikla seg frå da av. Gardbrukarane fekk brukbare overskot på sal av byggkorn til kornfattige bygder og verkssamfunn på Lesja, i Folldalen, på Røros og andre stader.

I 1798 gjekk gardbrukarane i Skjåk saman og kjøpte almenninga av Bernt Anker. Dette var ei skilsetjande storhending i bygdehistoria som har hatt djuptgripande verknader for bygda, økonomisk, sosialt og jamvel politisk.

Skjåk vart eige prestegjeld frå 13. desember 1863. Nordberg vart skilt ut som anneksokn frå 1. januar 1866, same datoen som Skjåk altså vart eiga kommune.

Tida frå ca. 1914 var prega av mekanisering, motorisering og elektrifisering, og næringslivet vart meir differensiert. I 1930 tok Skjåk Almenning i bruk eit nytt og moderne sagbruk og eit høvleri i Bismo.

Folketalet i Skjåk kulminerte i 1950-åra med noko over 3000 innbyggjarar. Frå om lag 1970 har Bismo vorte utvikla som kommunesenter, mellom anna med nytt kommunehus frå 1968 og ny ungdomsskule frå 1975. Enda ei tid seinare kom det idrettshall (1979), svømmehall (1981) og kjøpesenter. Det er utbygd mange bustadfelt, og det har vorte etablert fleire bedrifter, mellom anna innan mekanisk industri der.

Landbruket vart «traktorisert» frå slutten av 1950-åra, og både driftsformene og ikkje minst bygningsmassen har endra seg mykje etter den tid. Gardbrukarane i Skjåk har vorte internasjonalt kjende for griseavl. I bygda sett under eitt var i 2007 19 pst av yrkesbefolkninga sysselsatte i primærnæringane (jord og skogbruk), 25 pst i sekundærnæringane (industri, bygg og anlegg) og 55 pst i tertiærnæringane (administrasjon, tenesteyting, varehandel og reiseliv). Jakt og friluftsliv og opplevingsferie har vorte satsingsområde. Dette har fått auka aktualitet etter at nasjonalparkane Reinheimen og Breheimen vart opna (2006 og 2009). Det meste av høgfjellsområdet til Skjåk almenning er inkludert i desse nasjonalparkane.

## Nasjonale, internasjonale og regionale utviklingstrekk

### Ytre faktorar

Skjåk er ein del av ei større verd, og samfunnet vil bli påverka av det som skjer regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Dette kan t.d. vere statens styring av kommunane, tilrettelegging av verkemiddelapparatet for næringslivet, EU-regelverk, folkeflyttingar og klimaendringar.

Desse faktorane må kommunen ta omsyn til både i plan- og tiltaksutforming. Ei av dei viktigaste utfordringane framover er befolkninga si alderssamansetting og den demografiske utviklinga i samfunnet. Ei aldrende befolkning vil binde opp ein større del av dei offentlege ressursane til pensjon, helse og omsorg, og føre til redusert handlefridom totalt sett. Sjølv om dette er nasjonale trendar vil det påverke enkeltkommunar som Skjåk i form av høgare utgifter til helse og omsorgstenester, reduserte overføringar frå staten og lite fornying i lokalsamfunnet.

Ein svært stor del av utmarksressursane i kommunen er bunde opp av statlege vernereglar. Men sjølv om dette på den eine sida medverkar redusert handlefridom, har det også skapt nye arbeidsplassar knytt til nasjonalparkforvaltninga. Talet på årsverk er likevel langt lågare enn det ein såg for seg da inneverande kommuneplan vart vedteken.

I avstemminga om kommunereforma Lom og Skjåk var folket i båd bygdene samstemte om at dei ønskte at kommunane skulle halde fram som sjølvstendig kommunar. Det er lagt til grunn for rullert kommuneplan. Oppland og Hedmark skal bli eitt fylke frå 2020. Dette vil ha konsekvensar for såpass sentrale tenester som vidaregåande skule og samferdsel. Korleis dette vil slå ut er for tidleg å seie, men det er eit eksempel på korleis overordna føringar kan innverke på den lokale handlefridommen og tenester.

### Klima, samfunnstryggleik og beredskap

Sjølv om Skjåk ligg i det mest nedbørsfattige området i landet med om lag 300 mm nedbør i året, har bygda eit levande kulturlandskap med aktivt landbruk. Dette skuldast evne til å utnytte smeltevatn frå fjell og brear,

utvikling av kunstige vatningsmetodar og evne til å utnytte ressursane rundt.

Det er ålmenn aksept for at vi er inne i ei periode med endringar i klimaet. Klimaendringar fører generelt til auka flom- og skredfare, overvassproblematikk, skader på bygningar, konsekvensar for helse og næringsliv som landbruk. FNs klimapanel har understreka kor alvorleg klimautfordringane er, og ei oppvarming på meir enn to grader vil utløyse endringar i klima. Norge har underteikna ei avtale som inneber at vi skal vera klimanøytrale innan 2050. Oppland fylkeskommune har målsetting om at vi skal nå dette målet innan 2025. Skjåk kommune tek på seg eit lokalt medansvar for å skape ei berekraftig utvikling som sikrar levelege vilkår for framtidige generasjoner.

I alt kommunalt planverk skal klima- og miljøspørsmål ha ein sentral plass. Kommunen må i enda større grad vere merksam på kva som er reelle klima- og miljø-utfordringar, og korleis i større grad sikre innbyggjarar og verdjar i høve til ras og flom.

Sjølv om Skjåk gjennomgåande har eit stabilt klima, vil ein også her måtte rekne med auka nedbør, vind og skader som følgje av dette. Faren for flom og jordskred har til nå ikkje vore stor, men endringar i nedbørmengd kan gjere særleg faren for jordras større.

Kommunen skal vera ein av dei fremste kommunane i landet på bruk av fornybar energi. Skjåk er ei kraftkommune, med fleire kraftverk (Øyberget og Framruste, Skjåk 1). Desse kan også nyttast som skadeførebyggjande tiltak, ved at vassføring i dei vatn og elvar som er omfatta kan regulerast. I tillegg er dette utsleppsfri kraftproduksjon, som er viktig for å møte utsleppsreduksjonskrava forankra mellom anna i Paris-avtalen.

Det er årlege døme på at regjeringa ønskjer å stramme til konsesjonsvilkåra for lokale kraftinstallasjonar. Dette vil ha store konsekvensar for Skjåk kommune om dei blir teke til følge.

Skjåk sine klimautfordringar kjem i hovudsak frå landbruk og samferdsel (kjelde: Klima og miljødepartementet). Den største trafikkåra er R15, vegen som er

I alt kommunalt planverk skal klima- og miljøspørsmål ha ein sentral plass. Kommunen må i enda større grad vere merksam på kva som er reelle klima- og miljø-utfordringar, og korleis i større grad sikre innbyggjarar og verdjar i høve til ras og flom.





gjennomfartsåre mellom Gudbrandsdalen og Nordfjord og Sunnmøre. Skjåk kan kompensere for fossilt utslepp frå transport mellom anna ved ladestasjonar for el-bilar. Kommunen må likevel i framtidige delplanar leggje til rette for redusert utslepp frå transport. Sentrumsplanen må spegle dette på ein tydeleg måte. Men her må også storsamfunnet yte ein innsats gjennom redusert utslepp frå gjennomfartstrafikk. Dette vil gjerast gjennom generelle tiltak for å redusere utslepp, men lokalt og regionalt gjennom å auke kollektivtransporttilbodet og innføre incentiver for auka bruk av kollektivtransport. For å få incentiv til redusert bilbruk i Skjåk, må det vere alternative løysingar. Samarbeid med dei regionale trafikkstyresmaktene og med andre kommunar i regionen er nødvendig for at utsleppa skal gå ned.

Husdyrhald og gjødsel fører også til utslepp av klimagassar. Det er ikkje semje om kor alvorleg dette er, men det er nok til at det er behov for å sjå på mulege tiltak. Landbruksnæringa og kommunen må arbeide saman om å få til eit klimavennleg landbruk. I dag er det krav om at landbruket skal ha gjødsel- og sprøyteplanar. Men det må vurderast om det er andre tiltak som vil vere verknadsfulle for eit redusert utslepp.

Tilrettelegging for og satsing på grønt næringsliv vil vere eit anna klimafremjande tiltak. Kommunen har saman med andre lokale og statlege aktørar finansierte overgang frå gass til el i Glasopor. Dette har stor klimamessig verknad. Kommunen skal halde fram med å støtte slike verksemdar.

Kommunen har delar av to store nasjonalparkar og tre naturreservat innanfor sine grenser. Forvaltninga av desse er viktig, og streng regulering av bruk og ferdsel gjer at desse parkane både ivaretek artsmangfald, vern av villrein og andre verneomsyn. God forvaltning av nasjonalparkane vil sette eit vesentleg miljøavtrykk.

For å møte dei framtidige utfordringane har kommunen utarbeidd overordna beredskapsplanverk saman med dei andre kommunane i N-Gudbrandsdal etter «Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret» som er godkjent

av kommunestyret i 2016. Det er utført ei overordna risiko og sårbarheitsanalyse saman med dei andre kommunane i N-Gudbrandsdal som også er godkjent av kommunestyret i 2016. Det blir halde regelmessige kriseøvingar i kommunen.

### Migrasjon og flyktningar

2015 og 2016 var år med stor straum av flyktningar frå Syria og andre land i det nordlige Afrika. Vi ser at migrasjonsgraden varierer frå år til år, avhengig av situasjonen internasjonalt.

Klimaendringar, matmangel og krigssituasjonar kan ha stor påverknad på korleis flyktningssituasjonen vil vere og Skjåk kommune må ha dette med i sine planføresetnader.

Nasjonale tiltak for å avgrense folkestraumen til landet vil ha konsekvensar for tal flyktningar kommunen til ei kvar tid blir oppmoda om å ta i mot.

I tillegg til flyktningar fører internasjonalisering til at fleire med ikkje-norsk bakgrunn av ulike årsaker har vald å busette seg i Skjåk. Dette fører til større kulturmangfald og eit rikare kulturelt uttrykk. God integrering er viktig for å unngå utanforskap og for å få nytta ressursane til dei nye innbyggjarane til det beste for lokalsamfunnet.

### Demografi og folketalsendringar

Demografi og folketalsutvikling har innverknad på eit lokalsamfunn og korleis tenesteapparatet må utformast. Nasjonalt viser prognosene at talet på eldre over 80 år vil auke radikalt i åra som kjem.

Utviklingsprognosene for Skjåk viser at talet på personar over 67 år forventast å ha ein jamn svak auke i åra framover, medan aldersgruppa 16–66 år blir færre.

Det har vore vanleg å beskrive ei skeiv aldersutvikling som uheldig, fordi det blir færre yrkesaktive for kvar pensjonist. Men på same tid er pensjonistane friskare enn før, og dei vil vere ein ressurs i lokalsamfunnet. Utviklinga i talet på eldre over 80 år er også normalt vurdert som ei plan-utfordring fordi det er i denne delen av befolkninga at behovet for helse- og



omsorgstenester er størst. Men at innbyggjarane er lengelevande kan også sjåast som eit sunnheitsteikn ved samfunnet dei lever i. Her kan det liggje verdiar som er verd å ta vare på og kanskje også vidareutvikle. I Skjåk har ein i mange år hatt ein høg gjennomsnittsalder i befolkninga, slik at det som blir vurdert som ei plan-utfordring i kommunar med ei yngre folketalssammansetting ikkje har den same effekten i Skjåk. Utfordringa i Skjåk er ikkje talet på gamle innbyggjarar men mangelen på unge.

Eit samspel mellom friske pensjonistar som aktivt tek del i lokalsamfunnet, utviklinga av ny helse- og omsorgsteknologi og eit utsett hjelpebehov i dei eldre aldersgruppene gjer at utfordringa knytt til den skeive alderssammansettinga ikkje nødvendigvis blir dramatisk. Men eit samfunn må ha ungt blod for å oppretthalde vitaliteten, og det gjer at det er nødvendig med incentivar for folketalsvekst. Kommunens framtidige strategiar må ha dette som eitt av hovudmåla.

### Sysseletting

Om lag 70 pst av innbyggjarane mellom 15 og 74 år er sysselet. Prosentdelen sysselette i kommunen er jamt stabil.

Utan landbruket hadde det ikkje vore busetting i bygda. I dag har dette endra seg, og det er såkalla tenesteyting som har den største plassen. Offentleg sektor utgjer ein stor del. Dette har samanheng med framveksten av velferdssamfunnet og kommunane som velferdsprodusent. I 2014 utgjorde landbruk om lag 17 pst av næringsgrunnlaget i Skjåk. 26 prosent

var knytt til industri og produktbearbeiding og 67 pst var tenesteyting, under dette sysseletting i offentleg sektor.

Det har vore ein knapp reduksjon i talet på sysselette i dei fleste sektorane. I bygg og anlegg og industri er det markante utslag enkelte år, noko som kan skuldast tilfeldige variasjonar men også effektar av konjunkturutviklinga i samfunnet samla sett. Det mest utfordrande er nedgangen i sysseletting i landbruket. Dette synest å vere ein vedvarande trend, som synest vanskeleg å snu. Det har ikkje vore kompensasjon for denne nedgangen gjennom tilsvarande vekst i dei andre sektorane om ein ser bort frå den parallelle veksten i offentleg sektor. På same tid har der vore ein knapp auke i dyrka areal, og tallet på husdyr har halde seg oppe. Alt dette tyder på at det har vore ei stille omstilling i form av større bruk og meir effektiv drift.

Næringslivet i Skjåk er mindre konjunkturutsatt enn det som er tilfelle i mange andre delar av landet. Det har samanheng med at det er eit samansett og mangfaldig næringsliv, at det ikkje er store hjørnesteinsbedrifter, og at det heller ikkje er store statsinstitusjonar som t.d. forsvaret som kan endrast i form av strukturrasjonaliseringar. Men om nedgangskonjunkturane ikkje kjem så fort, så gjer heller ikkje oppgangskonjunkturane det.

Reiselivet har hatt ei stabil utvikling dei seinare åra. Auke i turiststraumen generelt, gjer at reiselivsnæringa vil måtte få ein større plass i næringsstrukturen.

FIG 1

Framskriven folkemengd 1. januar etter kjønn, alder og tid





Fig 2

Oversikt over arbeidsplassfordeling



(Kjelde: Registerbasert sysselsetting, SSB)

Tab 1

Oversikt over sysselsetting etter næring og kjønn i alderen 15–74 år

		2011	2012	2013	2014	2015	2016
		Sysselsatte personer etter arbeidssted					
Jordbruk, skogbruk og fiske	Menn	152	141	135	135	103	100
	Kvinner	58	44	36	34	35	34
Industri	Menn	89	84	98	100	100	82
	Kvinner	46	41	42	47	49	42
Elektrisitet, vann og renovasjon	Menn	23	23	19	18	20	20
	Kvinner	4	4	6	5	5	4
Bygge- og anleggsvirksomhet	Menn	111	109	94	94	79	93
	Kvinner	8	5	8	8	7	8
Varehandel, reparasjon av motorvogner	Menn	45	47	41	36	38	37
	Kvinner	39	32	36	43	35	28
Transport og lagring	Menn	46	38	55	67	68	48
	Kvinner	5	0	6	7	4	0
Overnattings- og serveringsvirksomhet	Menn	16	14	13	14	11	14
	Kvinner	36	28	29	33	19	32
Informasjon og kommunikasjon	Menn	6	6	6	8	5	6
	Kvinner	5	5	5	4	4	4
Finansiering og forsikring	Menn	4	4	4	3	3	3
	Kvinner	5	4	6	6	6	7
Teknisk tjenesteyting, eiendomsdrift	Menn	17	18	20	16	13	13
	Kvinner	10	11	11	11	9	11
Forretningsmessig tjenesteyting	Menn	37	32	12	13	15	15
	Kvinner	9	25	19	20	20	17
Off.adm., forsvar, sosialforsikring	Menn	32	23	28	21	30	28
	Kvinner	46	10	13	18	24	27
Undervisning	Menn	11	8	11	11	12	14
	Kvinner	52	54	58	61	55	61
Helse- og sosialtjenester	Menn	15	14	17	24	18	21
	Kvinner	166	173	181	174	180	178
Personlig tjenesteyting	Menn	10	9	12	15	13	15
	Kvinner	21	15	20	22	21	16
Uoppgitt	Menn	5	9	5	7	12	8
	Kvinner	6	8	8	7	6	4

## Tenkte utviklingsbilde

DET HAR VORTE ALT VANLEGARE Å PRØVE Å BRUKE TENKTE UTVIKLINGSBILDE NÅR EIN SKAL FORSØKE Å SJÅ FRAMTIDA. UNDER ER DET LAGA TRE TENKTE UTVIKLINGSBILDE FOR SKJÅK I PLANPERIODA. FAREN ER AT DET PESSIMISTISKE BILDET ER REALISTISK, MEN DET MÅ JOBBAST MOT DET OPTIMISTISKE.

### Pessimistisk bilde


Folketalet går ned fram mot 2028 – til under 2000 innbyggjarar ved slutten av planperioden. Statleg sentralisering held fram, slik at t.d. politi, brann og redning, prest og NAV blir sentralisert og samla i større regionsenter (Sel). Staten har slått saman fylkeskommunane til større regionar, og Hedmark og Oppland har vorte ein region.

Det skjer ei kontinuerleg omstilling i landbruket, mindre bruk blir lagde ned og tun blir selde til ferieføremål. Stillingar i landbruket har vorte redusert til ein fjerdedel (tenkt tal). Alle verksemdene står overfor store konjunkturutfordringar, som krev omstilling. Pensjonistane vil dominere i lokalsamfunnet, dei unge flytter ut for å ta utdanning og det er lite å flytte heim til. Hus står tome, etterspørselen etter hus går ned og prisane går ned. Dei som bur i bygda vil i aukande grad flytte inn mot sentrum, og dei gamle grendene vil bli liggjande tome.

Digitalisering og automatisering har fjerna mange arbeidsplassar og forsterka sentraliseringa inn mot dei store regionsentra og byane. Det har i lita grad vorte etablert nye arbeidsplassar til erstatning for dei gamle.

Nordberg skule og Marlo skule står tome, og riving av bygg blir diskutert.

Diskusjonen om å slå seg saman med andre kommunar har starta på nytt. Det er mykje samarbeid på tvers av kommunane om enkelttenester, men dette er ikkje tilstrekkeleg for å møte dei utfordringane kommunen ser.



PENSIJONISTANE VIL DOMINERE I LOKALSAMFUNNET, DEI UNGE FLYTTER UT FOR Å TA UTDANNING OG DET ER LITE Å FLYTTE HEIM TIL.



I 2028 BUR DET 2200 INNBYGGJARAR I SKJÅK. DESSE ER SYSSELSETTE I LANDBRUK, OFFENTLEG SEKTOR OG INDUSTRI – SOM I DAG. I TILLEGG HAR DET VORE EI OPPBLOMSTRING AV TILSETTE I «FRIE YRKE», IT-SELKAP, DESIGN OSV.

### Nøkternt bilde

I 2028 bur det 2200 innbyggjarar i Skjåk. Desse er sysselsette i landbruk, offentlig sektor og industri – som i dag. I tillegg har det vore ei oppblomstring av tilsette i «frie yrke», it-selskap, design osv. Kommunen har mange som har flytta heim att etter fleire år borte grunna utdanning og arbeid. Desse har gjeve uttrykk for særleg sterk tilknytning til heimbygda, og har valt å flytte heim. Digitalisering og automatisering har effektivisert arbeidslivet og mange har søkt seg over til omsorgsyrike som følgje av dette.

Kommunen har fått nasjonal og internasjonal merksemd grunna dei særskilte klimatilhøva og måten kommunen har tenkt og satsa på grøn energi og miljøtiltak. Kommunen sine pensjonistar er friske og bur stort sett i eigen bustad. Når dei må flytte vil dei flytte til det nye «tunet», med sjøveigarleilegheiter tilknytt filmsal, restaurant og kulturaktivitetar. Klimaet i Skjåk har gjort det til ei enda meir attraktiv hytte- og fritidsbustadkommune for vestlendingar og andre som søker ly for regnet.

Marlo skule har vorte base for kulturaktivitetane i Skjåk, med teaterverkstad, kulturskule og rom for utøvande kunst innanfor dei fleste sjangerar. Nordberg skule er kompetanse- og kurssenter for naturopplevingar og miljøvern. Skjåk Energi har vorte aksjeselskap, men er framleis på kommunale hender. Skjåk Energi er det etablert ein klima- og grøn-energi-park.

1-10 skulen har vorte eit nav i sentrumsutviklinga, og Skjåk sentrum har vorte ein stor møteplass for både fastbuande og tilreisande. Kafeane er kveldsope, og det har kome nye butikkar som Vinmonopol og apotek. Vidaregåande skule i Lom er redda for framtida, og det er oppretta høgskulesenter for friluftsliv, miljø og nasjonalparkforvaltning.

Det har skjedd mykje på samferdsleområdet og nye tunnellar mellom Stryn, Stranda og Skjåk har ført til auka ferdsel over fjellet og eit større potensiale for nærings samarbeid mellom Skjåk og vestlandskommunane. Nye tunnellar har også ført til ei stor turisttilstrauming.

### Optimistisk bilde

Innbyggjartalet i Skjåk har vakse til 2400 innbyggjarar, på nivå med folketalet i 2004. Grunnen til det er at kommunen har fått 50 nye arbeidsplassar. Kommunen har fått eit kompetansesenter for klima og miljø, det er etablert 20 nye digitale arbeidsplassar og resten er knytt til handel og reiseliv og anna tenesteyting.

Digitaliseringa har effektivisert arbeidslivet og mange verksemdar har auka produksjonen sin. Transportsektoren har hatt stor innovasjon og kommunikasjon med nabobygdene er i stor grad klimanøytral.

Landbruket har halde stand desse åra, det er auka etterspurnad etter stuttrest mat og høgfjellsprodukt. Reiselivet blomstrar, og mange vil oppleve det Skjåk har å by på av natur-, kultur- og matopplevingar. Det har vore ei endring i bustadpolitikken, slik at det i større grad er tilbod om og etterspørsel etter burettslagsløyisingar og utleigebustader. Desse er lokalisert i hovudsak i eller rundt Bismo. Kommunen har laga møteplassar der folk i alle aldre kan møtast, slå av ein prat eller ta ein kopp kaffe. Nye statlege krav har redusert bilbruken, til gjengjeld er det stor etterspurnad etter dei siste el-bilane. R15 over Strynefjellet har fått nye tunnellar, og kontakta med vestlandsfylka har auka monaleg. Det er etablert eit kultursamarbeid med Stryn og i Geiranger er reiselivsnæringa svært oppteken av samarbeidet med Skjåk og Lom. Kommunen har blitt ein plass som mange gjerne vil busette seg i.



DET ER AUKA ETTERSURNAD ETTER STUTTREST MAT OG HØGFJELLSPRODUKT.



## Visjon og mål - Innovasjon og tradisjon

Vatnet frå snøsmelting i fjella har fylt elvane og gjort det mogleg å så og dyrke jorda og skape eit samfunn i Skjåk. Med ein årsnedbør på under 300 mm hadde det vore umogleg å kunne bu og livnære seg i området utan desse vasskjeldene. Det gamle munnhullet om at «skaffar vår herre oss sol så skaffar vi væte sjølve» kan stå som eit motto for Skjåk-bygda også i 2017.

Tilgang på vatn har gjort at Skjåk er ei levande landbruksbygd sjølv om talet på aktive gardsbruk har gått ned. Vatnet har også gjort det muleg å starte industri som trebearbeiding og sagbruk, og mykje av aktiviteten i bygda ligg i tilknytning til elva. Skjåk har til alle tider vore ein gründerkommune. Heilt frå tidleg på 1900-talet har det vore bygd opp foredlingsverksemdar som sagbruk, foredling av landbruksprodukt, osv. Mange av dagens verksemdar er også bygd på ein grunnleggjande idé som har vore utvikla til ei levedyktig verksemd. Frå idé til relativt store produktionsverksemdar, som Glasitt, Stryvo og Interfil. Men vi ser også ei oppblomstring av enkeltforetak som lagar særskilte nisjeprodukt. Lom og Skjåk Ysteri, i dag Tine meierier, er eit døme på korleis bedrifter vaks fram for å bearbeide råvarene. Ei vesentleg ulempe for verksemdene i Skjåk er at dei har lang veg til marknaden, og at det medfører store transportulempar. Innretninga av nasjonale samferdsletiltak har meir å si for verksemdene i dette området enn i meir sentrale strom med nærleik til ulike transportknutepunkt.

Å jobbe for gode transportløyningar generelt og for næringslivet spesielt er ei prioritert oppgåve. Hovud-

ferdselsåra RV15 må rustas opp, slik at også vestlandet blir ein meir aktiv del av marknaden.

Målet for Skjåksamfunnet framover er å ta vare på det beste i dei gamle tradisjonane, det vere seg byggeskikkar, produksjonsmåtar eller kultur, og kombinere dette med nye idear, nye produksjonsmåtar og nye levevegar. Å kombinere innovasjon med tradisjon er ein styrke. Forankringa i lokalsamfunna vil bli sterkare på den måten, det same gjeld forståinga av at gamle arbeidsmåtar må erstattast med nye.


Arbeidet med kulturminneplanen må ivareta behovet for kartlegging og ivaretaking av gamle tradisjonar innan handverk, vatningskultur og andre delar av kulturarven.

Bruk og vern av og i nasjonalparkane er eit anna eksempel på å kombinere det gamle med det nye.

Landbruket, reiselivet, kulturlivet og industrien må tilpasse seg nye marknader og nye produksjonsmåtar. Å vere open for endringar er ein del av dette bildet. Dette må spegle seg i kommunal forvaltning, innretning av næringsfond, og ikkje minst arealplanlegging.

Kulturelt er det viktig å ta i mot nye innbyggjarar med opne armar, og ha trivselsskapande og integrerande tiltak som gjer at nye innbyggjarar finn seg til rette i bygda. Framtidig busetting og oppretthalding av folketalet vil vere avhengig av god integrering av nye innbyggjarar.

Bruk av ny teknologi, breiband og nye kommunikasjonskanalar er ein føresetnad for å rekruttere ny verksemd og nye innbyggjarar til Skjåk.



## Kommunale tenester

Det er rett å seie at Skjåk kommune har godt utbygde kommunale tenester. Ressursinnsatsen er høg samanlikna med mange andre kommunar. Nasjonalt blir det sagt at det er ei utfordring for små kommunar å levere tenester av høg kvalitet, særleg når tenestene krev ei viss spesialisering. Dette er til ei viss grad rett, om ein ser på universitetsutdanna personell, som legar, ingeniørar og juristar. Når det gjeld personar med høgskuleutdanning har kommunen god søknadstilgang til slike stillingar i alle sektorar.

Utfordringane knytt til mellom anna folketalsutvikling og alderssamansetjing gjer at det er nødvendig for tenestene å fornye og omstille seg i møte med nye brukarar, nye utfordringar og nye tider. Små kommunar er sårbarare for endringar i statleg politikk og føringar, t.d. endringar i dei økonomiske rammene, nye lovkrav og nye oppgåver. Dette må kommunen til ei kvar tid vere budd på å handtere økonomisk, og vere i stand til å skaffe nok kompetanse og tilsette. Relativt små endringar i nasjonal målestokk kan gje store ringverknader.

For at Skjåk kommune skal vere innovativ og framtidsretta og ha god gjensidig kommunikasjon med innbyggjarane, må kommunen tilby sine tenester digitalt. Folk forventar å kunne betale rekningar i nettbank, ordne søknadar om tenester, betaling og meldingar elektronisk. Digital kommunikasjon vil kunne redusere dei avstands- og transportutfordringar som lang reiseveg medfører. Skjåk er i front i breidbandsutbygging, 85 pst av innbyggjarane har tilgang til breiband. Likevel har mange av grendene og enkeltståande husstandar har fiberbreiband, og kan ha problem med å løyse oppgåver på nett. Kommunes kommunikasjon med innbyggjarane må vere slik at alle får den informasjonen dei skal ha, uansett it-kompetanse. Digitalisert saksbehandling vil kunne frigjere ressursar til direkte brukarretta tenester.

Ny velferdsteknologi er på full fart inn i samfunnet, og vil vere til stor hjelp for brukarar og tilsette i pleie- og omsorgstenesta. Teknologien skal gje betre tenester utan at helsepersonell blir erstatta.

Kommunens sine informasjonsfaglege oppgåver er

mangfaldige og fleirsidige. Informasjon femner interninformasjon, tenesteinformasjon til innbyggjarane og omdømmebygging.

Skjåk kommune skal sørge for jamleg oppdatert og etterretteleg informasjon til innbyggjarane. Skjåk kommune skal leggje vekt på omdømmeskapande verksemd.

### Kultur og fritid

Skjåksamfunnet har eit rikt kulturliv. Det er eit mangfald av frivillige lag og organisasjonar som dekkjer eit stort interessespekter. Det er idrettslag og songlag, symjegrupper og Fjellgeit, seniordans og pensjonistlag.

I tillegg har kommunen bygd ut kulturskule og bibliotek til eit nivå som ligg over landsgjennomsnittet.

Det kommunen manglar er opne, uformelle treffplassar for folk i alle aldrar. Der folk på ein uforpliktande måte kan møtast utanfor faste trefftider. For unge tilflyttarar vil dette spele ei stor rolle. Likeeins at det er eit pulserande liv som inkluderer alle. Vidareutvikling av dei kommunale kulturtilbodene vil vere eit nødvendig mål om ein skal få unge til å flytte til og å halde fram å bu i kommunen.

Kultur er eit vesentleg element i samfunnsutviklinga. Kultur skaper trivsel og samhold i lokalsamfunnet. Til skilnad frå dei store sektorane skule og omsorg, er det lite lovregulering av kulturfeltet. Likevel er det viktig å gje dette feltet merksemd i kommunal planlegging for å skape det fellesskap og samhøyrighet. Samarbeid mellom kommunen og dei frivillige laga og organisasjonane og frivilligsentralen er ein bærebjelke i kulturutviklinga. Dette må pleiast og vidareutviklast.

Idretts- og friluftsliv skal vera ein viktig del av det Skjåk kommune sitt arbeid for å skape god folkehelse, ei positiv utvikling, ein stad å høyre til og ein triveleg kommune å bu i.

Aktivitetsbehova er forskjellig med tanke på alder, kjønn, funksjonsnivå osv., og det er derfor viktig å vere bevisst på dette i prioriteringane. Skjåk kommune skal


vere med å leggje forholda best mogleg til rette for at innbyggjarane skal ha gode tilhøve for å drive med idretts- og friluftaktivitetar.

### Pleie- og omsorgstenesta

Pleie- og omsorgstenesta er den største tenesta i kommunen, målt etter ressursinnsats (personell og økonomi). Tenesta er regulert av mellom anna helse- og omsorgslova, helsepersonell-lova osv. Kommunen har plikt til å ha eit tilbod til innbyggjarar med behov for slike tenester, og til ei kvar tid vere budd på å møte hjelpebehovet i befolkninga. Dette inneber å ha oversikt over behov, utvikle eigna tilbod og sikre hjelp til dei som til ei kvar tid treng tenester. Det skal arbeidast for å finne nye måtar å gje god hjelp til fleire enn i dag – med det same talet på tilsette. Skjåk kommune jobbar etter BEON-prinsippet (Best effektivt omsorgsnivå). Dette skal hjelpe brukarane til å kunne bu heime så lenge dei ynskjer og kan. Dette set krav til ny tenking både for den hjelpetrengjande, for hjelpeapparatet og for pårørande. Tenesteomlegginga må kombinerast med gode bustad- og velferdsteknologiske løysingar som vil gjere det lettare å kunne bu heime lenger.

Fig 3

### Mottakarar av pleie- og omsorgstenester i Skjåk:



### Barn og unge

Undersøkingar om bustadpreferanse blant unge foreldre, viser at skule- og barnehagetilbod veg tung når dei skal velje kvar dei skal slå seg ned. Eit moderne og godt oppvekstmiljø med gode undervisningstilbod kan vere avgjerande for om foreldre vil slå seg ned og bli buande i Skjåk.

Skjåk kommunestyre har vedteke bygging av ny 1-10 skule. Skulen vil vere klar hausten 2018. Her vil barn og unge i Skjåk få eit undervisningstilbod med oppdaterte digitale løysingar som er nødvendig for å kunne møte dei krava eit framtidig arbeidsliv vil stille. Det viktigaste er godt kvalifiserte og eigna lærarar. Ein samla skule vil i større grad enn i dag kunne rekrutere og trekkje vekslar på eit større og meir mangfaldig kompetansmiljø.

Skjåk har i 2017 tre barnehagar. Desse har ulik bygningsstandard, ulik bemanning og litt forskjellig tilbod. Kommunestyret har bestemt at ein skal sjå på barnehagestrukturen både fordi det er gammal bygningsmasse i Holemork barnehage, og fordi kostnadsbildet gjer at talet på barnehagar bør reduserast eller at drifta må leggjast om.


Pr. 1. januar 2018 er det 360 barn under 19 år. 73 er i barnehage, 186 i grunnskulen. Folketalsprognose fram mot 2028 viser barnetalet vil gå ned, og at det forventast ein reduksjon i barnehagar og skular i denne perioden.

### Helsetenester og barnevern


Kommunane har ansvar for eit mangfald av helsetenester definert etter helse- og omsorgstenestellova. Innbyggjarane skal ha eit tilbod om fastlege, helsestasjon, psykisk helseteneste osv. Dette er ressursmessig små tenester som har stor signifikans for innbyggjarane og tenester med høge krav til fagleg forsvarlegheit. Til nå har det vore mogleg å ha ei utrusta teneste, men dette vil bli ei større utfordring framover. Interkommunalt samarbeid har vorte meir og meir vanleg i denne samanhengen. Kommunen må som tidlegare, men kanskje i enda meir utstrekt grad, søkje sam-

FIG 4

### Utvikling elevar i grunnskulen 1–10 trinn:



### Barn 1–5 år med barnehageplass:



arbeid med andre kommunar om tenester som krev spesialisering og der det kan vere vanskeleg å rekrutere nok kvalifisert personell.

Når innbyggjarane blir eldre, vil det også medføre ein auke i ulike sjukdommar, som aldersdemens, hjerte- og lungesjukdommar, skjelett- og muskelsjukdommar. Dette er ein naturleg del av aldringsprosessen, og mange i høg alder vil medføre auka etterspurnad etter helsetenester. Gode pasientforløp og samhandling mellom førstelinetenesta og andrelinetenesta må vektleggjast. Å ha ei stabil legedekning er ei kjelde til gode helsetenester. Dette er ei utfordring for mange særleg små kommunar, og vil vere i kontinuerleg oppgåve i åra framover.

Staten legg stadig nye funksjonar til kommunane, det gjeld også helsetenestene, t.d med krav om psyko-

logtenester, helsestasjon og folkehelsearbeid. Enkelte av desse tenestene vil kommunen kunne organisere sjølv, men andre vil vere meir eigna for interkommunalt samarbeid eller kjøp av enkelttenester. Kommunen har etablert interkommunale samarbeid med Lom om psykisk helsearbeid, tildelingskontor og barnevernstenester.

Spørsmålet om interkommunalt samarbeid vil vere tema i åra framover, avhengig av statlege føringar, tilgang på kvalifisert personell, økonomiske rammevilkår, men først og fremst innbyggjarane sine behov.

### Samfunnsutvikling og busetnad

Skjåk kommune vil prioritere tiltak som gjer at Skjåk blir ein god og attraktiv plass å bu. Sentrum i Skjåk, Bismo, skal vidareutviklast og moderniserast, og dette

må sjåast i samanheng med 1–10-skulen og etablering av nye byggjefelt.

Innsatsen skal rettast inn mot tiltak for å få folk til å trivast i kommunen. Trivsel skapar godt omdømme og godt omdømme vil rekruttere nye folk. Kommunen må satse på tiltak som gjer det attraktivt for barn og unge å vekse opp i kommunen og for vaksne å oppleve det som verdfullt å bu i Skjåk. I tillegg må kommunen tydeleggjere sine særtrekk og sine føremonnar slik at fleire blir klar over fordelane med å bu i Skjåk.

I samsvar med føringar frå fylkesmannen blir det planlagt for fortetting i sentrum.

### Økonomiske rammevilkår

Overføringar frå staten og gode inntekter frå kraftsektoren har medverka til eit relativt høgt driftsnivå i kommunen. Kommunar på Skjåk sin storleik er sårbare for endringar i rammeoverføringane. I tillegg kan enkelthendingar påverke tenestebehovet på ein slik måte at kommunen kjem under press. Sjølv om staten har som prinsipp at kommunane skal kompensast for utgifter til tenesteproduksjon over inntektsystemet, vil ein dei neste åra likevel måtte vere budd på endringar i rammeoverføringane. Sterk utgiftsvekst til pensjonar og tenester på landsbasis kombinert med reduserte oljeinntekter kan føre til at også kommunane må vere budde på endringar i dei økonomiske rammene og finne nye og meir effektive løysingar. Dette er faktorar kommunen sjølv ikkje kan påverke, men som vil ha stor påverknad på lokalpolitiske prioriteringar. For å unngå eit for høgt driftsnivå i forhold til inntektene må kommunen vurdere korleis tenestene kan effektiviserast og korleis ein kan skaffe handlingsrom til samfunnsutviklingstiltak. Innovasjon er eit nøkkelord. Bruk av nye hjelpemiddel vil påverke kommunal tenesteproduksjon.

## 6

# Samarbeid med andre

### Generelt

Skjåk kommune har eit aktivt samarbeid med dei andre Nord-Gudbrandsdalskommunane gjennom Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal og ulike bilaterale samarbeid med t.d. Lom kommune. Dette er nødvendig for å sikre innbyggjarane gode tenester i sektorar der utfordringane er å henta ut samarbeidsgevinstane ved å gjera samarbeidet meir forpliktande men samstundes sannsynleggjera at alle kommunane vil ha fordel av eit samarbeid.

### Mål

Skjåk kommune skal vere ein aktiv pådrivar og delta i regional utvikling og samarbeid så lenge dette er formålstenleg. Kommunen skal styrke samarbeidet vestover.

Kommunen innleiar samarbeid med nabokommunane når dette er naudsynt for å gje effektive tenester av høg kvalitet.

### Strategiar:

Skjåk kommune skal:

- Delta i Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal
- Vidareutvikle samarbeidet med Lom på dei område ein kan oppnå samvirkefordelar
- Vurdere samarbeid med nabokommunane i vest der forholda ligg til rette for det.
- Delta i regionalt utviklingsarbeid som skjer i private og offentlege interesseorganisasjonar innan næringsliv/reiseliv, kunst og kultur, idrett og liknande.
- Arbeide for at felles regionale funksjonar og oppgåver skal delast mellom dei deltakande kommunane på ein rimeleg måte.
- Delta i Gudbrandsdalstinget.



7

## Energi og energi- forvaltning

Ein viktig del av inntektene til Skjåk kommune er inntekter frå kraft – gjennom sal av konsesjonskraft og anna kraft eller skatt (naturressursskatt og eigedomsskatt). Skjåk kommune eig Skjåk Energi og rettar i bl.a. kraffanlegga Skjåk 1 og Øvre Otta.

I planperioden er det viktig at Skjåk har eit aktivt forhold til forvaltning både av kraftrettar og ansvaret for drift av nettet. Kommunen må ha eit styre som kan opptre profesjonelt i denne marknaden.

8

## Arealplanlegging

Gjennom arealplanlegging må det satsast på tiltak som skapar trivsel, tryggleik og god utnytting av tomteområder samstundes som klima- og miljøverninteressene blir ivaretekne.

Ønsket om busetting i sentrum er aukande, noko som set store krav til langsiktig planlegging i dette området. For å kunne møte klimaendringane vil forsetting vere nødvendig. Dette må vere ei rettesnor for sentrumsutviklinga i Bismo. Samtidig må det framleis vere plass for dei som ønskjer å busette seg og bu i andre delar av bygda.

Det er i dag om lag 700 hytter/fritidshus i Skjåk. Hovudmengda ligg i Billingsdalen med dei store hyttefeltene i Grotli og Breidablikk. Den største hyttemarknaden er på Vestlandet og av den grunn er etterspørselen størst i Billingsdalen. Hyttene er av stor verdi for Skjåk, det dreg til seg verdiskaping i ulike andre sektorar, t.d varehandel. For å få realisert ny hyttebygging er det viktig å få avklara beiteinteressene. Gjennom ein framtidretta beitebruksplan kan ulike løysingar finnast/utviklast.

Framtidige fritidshus bør baserast på høg standard fordi det er dette folk etterspør. For å spare areal bør utbygging skje konsentrert.

Landbruket er inne i ei omvelting og jorddelen av bruka blir selde som tilleggsjord. Dette er eit tveegga sverd, det blir da aktuelt å dele frå tun til bustad eller fritidshus. Som hovudregel skal bruk seljast samla (men det kan i spesifikke tilfelle og etter søknad gjerast unntak).

Kommunen har 3 bustadområde, Aurmo, Bismo og Uppnose. Erfaringa viser at dei fleste ynskjer å busette seg i Bismo-området.



## Del II Handlingsplan 2017–2028

HANDLINGPLANEN UNDER ER KNYTT TIL DEN TEMATISKE  
INNRETNINGA I DEL 1.

# Klima, miljø, naturforvaltning og samfunnstryggleik

## Mål

- Kommuna skal vera klimanøytral innan 2025, dette må gå att i alt planarbeid.
- Skjåk skal vere ein trygg og sikker kommune og skal både førebygge og vere budde på ulykker og katastrofar.
- Kommuna skal satse på auka grøn og berekraftig verdiskaping basert på naturgevnne fortrinna
- Ein berekraftig velferd og lokal trivsel
- Oppdatert klimaplan

## Strategiar

- Skjåk kommune skal vere kontinuerleg oppdatert om dei klimaanalysene som til ei kvar tid er gjeldande.
- Følgje aktivt med på meteorologiske varsel og tilrådingar frå overordna beredskapsmynde.
- Vere i forkant med nødvendige beredskapstiltak som ut frå det som følgjer av moglege klimaendringar.
- Gå aktivt inn med relevante tiltak for flomdemping og skadeavverging ved flom og ras.
- Synleggjere klimautfordringane for innbyggjarane – og støtte gode tiltak
- Legge til rette for at innbyggjarane kan leve berekraftig i sine kvardagsliv

- Oppfordre til eit miljømessig berekraftig levesett gjennom infrastruktur og tilrettelegging
- Forvalte areala i kommunen slik at fornyings- evnene til naturmiljø og ressursar saman med naturens estetiske kvalitetar, blir haldne ved like på eit høgt nivå. Dette inneber mellom anna at mangfaldet av økosystem, biotopar og artar som finst innanfor kommunen skal bli teke vare på.
- Ta vare på verdifulle naturområde og god byggjeskikk ved bygging av fritidshus. Utbygginga skal skje i samråd med landbruks, natur og friluftsin-teressene.
- Utarbeide retningsgjevande modellar for lokal forvaltning av utmark i lag med overordna myndigheiter, grunneigarar, interesseorganisasjonar og grannekommunar.
- Utvikle utmarkspolitikkk som forliker bruk og vern, for på den måten å opne for og føre vidare varsam næringsutvikling i utmarksområde. (Hyttebygging, jakt og fiske, beite, hogst, rafting, naturopplevingar, rekreasjon, naturvitskapleg studieverksemd for lek og lærd, osv.) Dette må skje i lag med grunneigarar og andre råka partar.

- Halde seg oppdatert om verneforvaltninga arbeide for lokal forvaltning.
- Ikkje tillate omdisponering av dyrka mark til utbyggingsføremål så lenge det finst alternative løysingar. Kommunen skal vere restriktiv ved utlegging av dyrka jord til bustadbygging utanfor sentrumsnære område.
- Ta vare på kulturlandskapet og kulturminna. Arbeide aktivt mot attgroing av kulturlandskapet. Bruke dette som eit element i næringsarbeidet, t.d. i reiseliv.
- Hjelpe til med å skaffe midlar til vedlikehald og skjøtsel av kulturlandskapet. Seterområda er særleg viktige i så måte.
- Arbeide for tilrettelegging av små kraftverk der dette er forsvarleg ut frå miljø og økonomi og nødvendig ut frå flaumberedskap.
- Ha ei streng haldning til motorferdsel i utmark, mellom anna slik at kjøreoppdrag om vinteren skal i størst mogleg grad kanaliseras til leigekjørerar.
- Ha ei samfunnsplanlegging prega av eit systematisk og heilheitleg arbeid med samfunnssikkerheit og beredskap, under dette også kriminalforebyggjande arbeid.

- ha overordna beredskapsplanverk og plan for kommunal kriseleieing som til kvar tid er oppdatert slik at kommunen kan takle aktuelle krisesituasjonar.
- ha risiko og sårbarheitsanalyser som skal vera grunnlag i all kommunal planlegging
- utarbeide nødvendige underordna beredskapsplanar
- gjennomføre øvingar
- ved all kommunal arealplanlegging skal ras, flom m.v. vurderast.
- drive aktivt førebyggjande arbeide, serleg med fokus på klimaendringar.
- kartlegging av flomfare av sidevassdrag og større bekker.
- ha fokus på ras og flomfare ved bygging av skogsveggar
- ha gode rutinar for overvaking av flomverk.



## Flyktningar

### Mål

God integrering av flyktningane, med gode bustader, tilpassa opplæring og tilfredstillande barnepass.

### Strategiar

Skjåk kommune skal

- arbeide for at busette flyktningar kvalifiserer seg til arbeid eller utdanning.
- gje god språkopplæring
- gje god tilgang på praksisplassar
- personar utan ungdomsrett må få tilrettelagde tiltak for kvalifisering
- dei som manglar det må få grunnskuleopplæring



Samarbeide med nabokommunar, regionen fylkeskommunen, NAV og andre om integreringsarbeidet

- om tilrettelegging for karriererettleiing
- om å gje tilpassa tilbod i vidaregåande skule
- organisere grunnskuleopplæring for dei som manglar

Sikre at integrering av nye innbyggjarar skal vere eit fellesansvar, og at

- kommunale tenester skal ta sin del av ansvaret for integreringsarbeidet
- alle tenester har praksisplassar
- samarbeid på tvers, med nabokommunar, regionen, fylkeskommunen, NAV, IMDI og andre organisasjonar eller verksemder



## Kommunale tenester

### Barn og unge

#### Mål

Barn og unge skal ha eit godt oppvekstmiljø som styrkar heimstadjensla og som gjev gode, trygge og stimulerande oppvekstvilkår der det blir lagt til rette for lek og læring i trygge omgjevnader. Det skal leggast vekt på forebygging og tidleg innsats. Dette vil styrke heimstadjensla.

### Strategiar

Skjåk kommune skal

- sikre kvalitativt gode tenester
- ha kvalifisert personale
- gje tilpassa tilbod for alle
- arbeide for høg trivsel i trygge miljø i barnehage, skule og fritid
- arbeide for gode resultat i grunnskule og godt utgangspunkt for fullføring av vidaregåande skule
- sikre trygge og pårekelege tilbod
- barnehageplass til alle, når det er behov
- ha tiltak som gjev mest mogleg stabilt personale
- Godt kvalifisert og nærverande pedagogisk psykologisk teneste (PPT)
- tett tverrfageleg samarbeid mellom kommunale tenester
- godt samarbeid med andre-linetenester når det er ynskjeleg.
- stimulere til aktive og engasjerte barn og unge
- fysisk aktive kvardagar i skule og barnehagar
- Sunne og trygge oppvekstmiljø i barnehage, skule og fritid
- leggje til rette for eit aktivt ungdomsråd, aktivt elevdemokrati og barns medverknad blir prioritert på alle nivå

- Ha ei god pedagogisk psykologisk rådgjevingsteneste i samarbeid med andre kommunar. Det regionale samarbeidet i Nord-Gudbrandsdalen blir vidareført
- Sikre samarbeid mellom skular, barnehagar og andre kommunale tenester
- Sikre og stimulere til eit godt og sunt kosthald

### Helse- og omsorg

#### Mål

Fagleg gode og lett tilgjengelege tenester og eit godt samspel med spesialisthelsetenestene slik at innbyggjarane får dei tenestene dei treng – på rett nivå.

### Strategiar

Skjåk kommune skal

- byggje pleie – og omsorgstenesta på prinsippet om «lengst mogleg i eigen heim»
- organisere tenestene slik at ein oppnår fleksibilitet og gode overgangar mellom hjelp i egne heimar og institusjonstenester.
- organisere tenestene slik at vi får nyttiggjort den kompetansen dei tilsette har, og dei samla ressursane så effektivt som det er råd, til beste for brukarane.
- legge stor vekt på medverknad frå brukarar og pårørande.
- sørge for oppdaterte kvalitetsstandardar for tildeiling av tenester innan pleie- og omsorgstenesta
- satse på og prioritere samarbeid med andre kommunar om kompetanse, tenester og i enkeltsaker så langt dette er råd og tenleg.
- ha oppdatere kvalitetsstandardar som gjev føreseielege tenester.



## Infrastruktur

### Kultur og fritid Strategiar

Skjåk kommune skal

- ha eit rikt og varier kulturtilbod
- gode vilkår for lag og organisasjonar
- gode møteplassar for friviljuge og kommunen

Ha ein god og variert kulturskule basert på rammeplanen for kulturskulen som

- samarbeider med anna kulturtilbod, grunnskule og barnehage
- ein motor i utvikling av kulturtilbod for barn og unge i kommunen

Gode og moderne bibliotektilbod som kjenneteiknast av

- god tilgjengelegheit
- godt kvalifisert personale
- samarbeid med nabokommunar og region

- ha eit aktivt og variert fritidstilbod som styrkar trivsel og folkehelsa
- rekruttering til jakt og fiske
- sikre tilgang til eit breitt tilbod av aktivitetar tilrettelagde for alle
- oppretthalde og vidareutvikle anlegg og tilrettelagde fritidstilbod

### Effektiv tenesteproduksjon og omdømme Strategiar

Skjåk kommune skal

- ha digitalt modne tilsette.
- ta i bruk velferdsteknologi.
- ha godt utvikla digitale plattformer i grunnskulen
- tilby digital kommunikasjon med innbyggjarane.
- bruke elektroniske verkøy i arbeidet med effektivisering og forbetring av tenesteytinga.
- Kommunens sine informasjonsfaglege oppgåver er mangfaldige og fleirsidige. Informasjon femner interninformasjon, tenesteinformasjon til innbyggjarane og omdømebygging.
- Skjåk kommune skal sørge for jamleg oppdatert og etterretteleg informasjon til innbyggjarrane. Skjåk kommune skal leggje vekt på omdømme-skapande verksemd.



### Tettstadutvikling

Skjåk kommune skal:

- ha ein oppdatert og konkret sentrumsplan
- planleggje for fortetting og meir effektiv arealbruk i sentrum
- utvikle friområda i Bismo til attraktive leike- og opphaldsplassar for alle generasjonar.
- vere aktiv pådrivar for å få Statens Vegvesen til å prioritere utbygging av gang og sykkelveg Bismo–Dønfoss, og Vollungsbru til Lom grense.
- vere aktiv pådrivar for nye tunellar på RV15 over Strynefjellet.
- revidere hovudplaner for avløp og vassforsyning, særleg med tanke på å få til stordriftsfordelar, enklare drift og løyse ut evt. nye byggeområder.
- leggje til rette for gode møteplassar i sentrum
- satse på at breiband skal dekke den busette del av bygda og dei største hytteområda.
- arbeide for å høgare standard på samferdselsårene både aust og vestover. Serleg bør riksveg 15 gjennom Ottadalen prioriterast med auka vegbreidde/vegstandard og gang og sykkelveg.
- til ei kvar tid ha ein oppdatert trafikktryggingssplan.
- delta i prosjekt trafikksikker kommune.

### Bustadbygging


Skjåk kommune skal

- ha ein oppdatert bustadplan
- ha byggjeklare bustadtomter i Aurmo, Bismo (Skei, Skamsar og Hulderhaugen) og Dønfoss/Uppnose.
- leggje til rette for spreidd bustadbygging der dette kan skje utan å koma i konflikt med landbruks-, natur og friluftssinteresser, forureining, rameplan for avkjørsler og kulturlandskapet. Dette må heller ikkje kome i konflikt med miljø- og klimakrav.
- ha tilbod om større tomter utanfor sentrum for dei som ynskjer det.

### Hytter og fritidshus

Skjåk kommune skal:

- satse på nye hyttefelt/hyttetomter.
- opne for høgstandard hytteområder i Skjåk Almenning i Billingsdalen, Dønfoss og Aurmo. Andre stader kan det akseptierast mindre hyttefelt basert på ein enkel standard.
- styre ferdsel ut frå hytteområde slik at ein unngår konflikt med villrein.
- arbeide aktivt for at breiband blir gjort tilgjengeleg i hyttefelta.
- tettare inkludering av hyttebebuuarar i bygdesamfunnet.



## Samfunns- og næringsutvikling

### Mål

Ein vekst i sysselsetting på 10 årsverk pr. år fram til 2028, til saman 100 årsverk i periode. Dette kan skje gjennom utviding av eksisterande verksemder, gjennom nyetableringar og gjennom auka kommunal aktivitet.

Innbyggjarane skal ha eit breitt tilbod av kulturaktivitetar og folkehelsestilbod. Det skal leggjast til rette for aktivitetar og nærmiljøanlegg der folk bur. Potensialet for kultur i næring må utnyttast.

### Strategiar

Skjåk kommune skal

- leggje til rette for eit mangfaldig, variert og levedyktig næringsliv.
- hjelpe til med å etablere kompetansearbeidsplassar.
- støtte omstilling og fornying i eksisterande verksemder.
- medverke til innovasjon i næringslivet.
- ivareta det som ligg innanfor det utvida kulturomgrepet (kultur og idrett).
- målrette bruken av næringsfondet for å nå overordna mål om nyetablering og sysselsetting.
- setje klare krav til sysselsettingseffekt ved støtte frå næringsfondet.
- følge opp arealplanen slik at kommunen til ei kvar tid har ledig og ferdigregulert industriareal.
- saman med næringsnettverket i Skjåk (NIS) ha ei fortløpande oversikt over ledige næringsareal i Skjåk.
- drive aktiv rådgjeving til nye etablerarar og verksemder i Skjåk, formidling av regelendringar frå offentlege styresmakter, formidle kontakt med Innovasjon Norge, Kunnskapsparken og andre aktørar.
- kartlegge kva som er av risikovillig kapital som kan skytast inn i næringslivet i Skjåk.
- halde fram arbeidet med nettverksbygging – etablert samarbeid med næringslivet gjennom NIS og andre næringslivsaktørar.

- lage ein eigen strategi for reiselivsverksemdene.
- arbeide for å ha ein høg skrytefaktor av fordelane med å etablere seg, bu og arbeid i Skjåk, t.d. låg arbeidsgjevaravgift, stabil arbeidskraft.
- finne strategiar som motverkar avstands- og transportulempen.
- medverke aktivt til at det blir fiberutbygging i heile kommunen.

### Kulturminne Strategiar

Skjåk kommune skal

- til kvar tid ha ein oppdatert kulturminneplan
- ta vare på den gamle vatningskulturen, jakt – og fangsttradisjonane og handverkstradisjonane
- nytte Gudbrandsdalsmusea som institusjon og også få ein lokalitet for lagring og eventuelt framvisning av gjenstandar
- kommunen skal vidareutvikle kulturminnevernet i reiseliv, og i utvikling av næringsliv, landbruk og handverkstradisjonar ta vare på kommunen sitt særpreg i dette vernet
- etablere samarbeid mellom skule og barnehage når det gjeld kulturminne/kulturhistorie
- ha eit godt samarbeid med andre kommunar og fylkeskommunen



## Samarbeid med andre

### Mål

Skjåk kommune skal vere ein aktiv pådrivar og delta i regional utvikling og samarbeid så lenge dette er formålstenleg. Kommunen skal styrke samarbeidet vestover.



### Strategiar:

Skjåk kommune skal:

- så langt det er mogeleg drive regionalt utviklingsarbeid gjennom deltaking i Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal.
- vidareutvikle samarbeidet med Lom på dei område ein kan oppnå samvirkefordelar, eksempel er helsetenester, kulturskule og ulike administrative tenester.
- vurdere samarbeid med nabokommunane i vest der forholda ligg til rette for det.
- delta i regionalt utviklingsarbeid som skjer i private og offentlege interesseorganisasjonar innan næringsliv/reiseliv, kunst og kultur, idrett og liknande.
- utvikle datasamarbeidet i Nord-Gudbrandsdalen.
- arbeide for at felles regionale funksjonar og oppgåver skal delast mellom dei deltakande kommunane på ein rimeleg måte.



